

Å r s m e l d i n g

for Oppland sau- og geitalslag 1950.

1950 har vore eit godt arbeidsår for Oppland sau- og geit-
alslag. Sekretær Sverre Runde ^{frå} Norsk sau- og geitalslag reiste i Oppland
i tida 29. januar til 11. februar på lagskiping og fekk til 10 nye lag.
Ved lokale krefter er det skipa ein del lag, og lag som tidlegare ikkje
var innmeldt i organisasjonen er kome med. Etter oppgåve frå landslaget
viser lags- og medlemstalet seg gjennom åra å vera slik:

1948:	5	lag	og	172	medlemer
1949:	14	"	"	538	"
1950:	33	"	"	1077	"

Fåberg sau- og geitalslag har auka medlemstalet i året frå
124 til 195 medlemmer og er framleis det største laget i fylket. Skjåk
kjem som nr. 2 med 129 medlemmer, Fåvang har 69 medlemmer Vestre Slidre
58, Lom 53 og Ringebu 50 medlemmer. I alt er det i dag lag i 27 herad i
Oppland. 8 herad står utan lag.

Dette om organisasjonsarbeidet.

Av faglege tiltak kan i første rekkje nemnast ullsaka. Til
eit kurs ~~som~~ i ullklassifisering i Trondheim i september som Norsk sau-
og geitalslag hadde sett i gang fekk Oppland rett på 3 plassar. 6 mann
søkte, men berre to møtte - nemleg M. Overhalden, Lillehammer og Ole P.
Guttu, Ringebu. Etter opplæringa dreiv desse karane med klypping og sor-
tering av ull utover hausten. Det har elles vore arbeidd ikkje så reint
lite med ullspørsmålet utover i laga. Klyppinga tek mykje attåt til å bli
organisert ved klyppebas som og sorterar ulla. Tiltaket med klyppebas kom
i fjor men det er mykje utvida i år. Fleire herad hadde både to og tre
slike. Det er elektriske klyppemaskiner som vert nytta til klyppinga.
Svært mange slike er siste året innkjøpt til laga. Fylkeslaget har hjelpt
til her og skaffa i alt 9 klyppemaskiner og 1 slipemaskin. Vidare er det
i samarbeid med kjøtt- og fleskesentralen og Gudbrandsdalens ullvarefa-

brikk, Lillehammer sett igang prøvedrift med organisert ullevering.

For småfesjåa er det og take opp eit organisert utbyggingsarbeid. I fleire bygder som Skjåk og Fåvang er det fast . . . klyppekontroll for verar, og i Fåvang også for søyene. Dette tiltaket vil no bli søkt gjennomført for alle utstillingsdyr over heile fylket. Kåring av lam ved statssjået i sør Gudbrandsdal som vart take opp i fjor, held fram i år. Nye skjema var arbeidd ut, og statskonsulenten er søkt om at kåringa går inn som ei fast klasse ved statssjåa. På søknad frå fylkeslaget fekk statssjået på Tretten i år to dagar til rådvelde mot tillegare berre ein dag. Om kvelden etter første utstillingsdagen ordna fylkeslaget og Tretten sau- og geitalslag til foredrag- og ordskiftemøte. Talarar var førsøksleiar Nørland og sekretær Loyt Johnsen. Den første auksjon for livdyr ved småfesjåa hadde vi og i år ved stats-fylkessjået på Biri. Om frammetet og salet ikkje var så stort ga det i alle fall tru på at det har framtida for seg. Det er og søkt om at avkomstdøminga kjem inn meir markert som serskild klasse på oppslaga o.l. i samsvar med klasse I. Vaksne verar. Pokalar og diplomar vart også i år delt ut ved stats- og stats-fylkessjåa. 11 stykke fekk pokalen til Oppland sau- og geitalslag for beste samling sau og 10 stykke fekk Gudbrandsdalen ullvarefabrikks diplom for beste ullsau i si klasse. Utanom desse pokalar og diplomar og til desse sjåa var det til alle slags sjå-også bygdesjå - delt ut pokalar og pongepremiar frå meieri, bondelag og småbrukarlag. Klypping og kvalitetskontroll av ull vart og i år demonstrert ved ein del sjå. I det heile tek sjåa no til å få eit omfattande program som vekker stor interesse hjå folk.

Rundskriv om saugjæting er sendt ut, og spørsmålet om opplæring av saugjætarar og dressur av buhundar er take opp til gjennomføring i samarbeid med landslaget. Tatoveringsmerking i øyro på lamma vart sett i gang i Skjåk og i Fåvang. Likeeins ryggmåling av driftesau. Prøvene var sett i gang og stod under kontroll av Kristen Aanstad, Skjåk og Per Haugen, Fåvang. Tidlegare har vi hatt liknande merkeprøving i Biri. Ingen av dei brukte fargene held sumaren ut. Landslaget er no søkt om å ta saka - tatoering av lam og ryggmåling av driftesau - opp til gransking på breidt

grunnlag for å finna fram til fargar som står ved lag i beitetida.

Av meir alstekniske tiltak som fylkeslaget har take opp arbeid med er insemineringa (kunstig sedoverføring) av sau. Fåvang stilte søyer til bruk for prøva landslaget sette i gang i samarbeid med veterinærhøgskulen. Vidare har Biri og Fåberg stilt gratis til rådvelde ein del dalagimrer for ei krysningsprøve med merinover. Og for eit tredje alstiltak har Fåberg skaffa ein del eldre Dalasøyer. Vidare er det tinga og innkjøpt frå Skottland 2 sjeviotverar til Oppland (Skjåk og Brandbu) Verane står f.t. i karantene.

Ætteboksarbeidet for 1949 og 1950 har vore under drøfting utan at ein er komen til noko resultat. Meieria har ytt kr. 525,00 til saka og desse pengane står framleis til rådvelde for arbeidet.

Alle meieria og ysteria i fylket er søkt om å ta med kontroll for sau og geit hjå alle som har slike dyr og har kontroll for kyr. I dag er 2807 geiter og 1542 vinterfora sauer under kontroll i Oppland.

Til styresmaktene er sendt søknad om å få att den gamle ordning med utrekning av geitmjølkprisane - d.v.s. dobbel pris mot det som vert betalt for kumjølka. 14 stutte avisstykkje av ymse fagfolk er sendt pressa. Herada, ålmenningane og jeger- og fiskarforeningane er søkt om auka skotpremie på rev. 2839 rev vart tatt vinteren 1949/50. Ny søknad er sendt herada med tanke på endå eit kampår mot denne lammeplaga. Vidare er sendt opplysing til laga om ymse saker ved rundskriv, og til styresmaktene er sendt ymse søknader om stønad.

Styret har hatt 1 møte der 35 saker vart handsama. Fylkeslagets diplom vart i år gjeven til Ivar Løvbrøtte, Bleiken, Brandbu.

Brevboka fortel at det er kome 267 brev og sendt 334.

Om laget er ungt - berre 2 år - så er det alt kome godt med i arbeidslivet for småfehaldet. Tilslutningen av lag og medlemmer syner og at laget hadde si oppgåve å fyllje. Noko som saklista og er med og understrekar. Men om mangt er take fatt på står det endå umåteleg mykje att som ligg heilt brakk. Det som kan hjelpe til her er ein større tilslutning

både av lag og medlemer - ikkje minst av medlemer. Det er medlemstallet som er arbeidskrafta - er medlemstalet lite vert arbeidet deretter - er det stort går sakene igjennom av seg sjølv. Difor : Året som kjem må gå ut på å auke medlemstalet til det dobbelte. Og med dette sender vi vår beste takk til Norsk sau- og geitalslag, til dei lokale laga, til herada innan fylket, til pressa i Oppland og til alle elles som vi er komne i kontakt med for godt samarbeid og støtte i året som gjekk.

Lillehammer 15. januar 1951.

Kristen Aanstad,
(formann)

Per Haugen.
(nestformann)

Einar Herberg.

Jens M. Alm.

Tomas Haugrud.

Ola T. Lyngstad.

Rekneskap

for Oppland sau-og geitalslag 1950.

<u>Inntekt:</u>	Kassa.....	kr. 119,19	
	Kontingent.....	" 470,50	
	Gaver fra Ysteria til ættebok	" 525,00	kr. 1114,69
<u>Utgift:</u>	Kontorsaker.....	kr. 19,75	
	Frakt.....	" 0,95	
	Porto.....	" 97,25	
	Telefon.....	" 108,00	
	Kåring av lam - Tretten -	" 65,16	
	Foredragsmöte på Tretten	" 18,98	
	Ymse (125,80 - 10 -4.58)	" 140,48	" 450,57
			I kassa <u>kr. 664,12</u>

Kassapengane står til rådvelde slik:

Til ættebok for sau og geit i Oppland	kr. 525,00
Til fritt bruk for laget.....	" 139,12
	<u>Kr. 664,12</u>

Lillehammer, den 10/1-1951.

Ole Myhren

Rekneskapet er revidert 15. jan. 1951. Intet å bemerke. Kassebeholdningen er tellet og stemmer med det oppgitte tall.

Gunnar Grue.

(sign.)

Ole Myhren.

(sign.)

Bidrag i 1950 fra meieria til ætdebok for
sau- og geit i Oppland 1949.

1. Gjøvik meierikr.	25,00
2. Heidal " "	25,00
3. Kolbu " "	25,00
4. Fåvang " "	100,00
5. Eina " "	25,00
6. Lillehammer meieri "	50,00
7. Vinstra " "	50,00
8. Bøverdalen " "	25,00
9. Gausdal " "	50,00
10. Ø. Slidre "	25,00
11. Torpa " "	25,00
12. Vang " "	25,00
13. Tretten " "	50,00
14. Fosheim " "	25,00

I alt kr 525,00

Lillehammer, den 10/1-51.

Statistisk Byrå.
H.